



Boston AS  
Postboks 537  
4291 KOPERVIK

Dato: 11.12.2015  
Vår ref.: 2015/4452-14  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

## Søknad om skjelsandkonsesjon i Bømlo kommune - Melding om vedtak og oversending av konsesjonsdokument

Vi viser til søknaden dykker om skjelsandkonsesjon i Bømlo kommune datert 03.03.2015.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde i møte 11.11.2015, sak PS 172/2015, følgjande vedtak i saka.

1. I medhald av *LOV 1963-06-21 nr 12: Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster*, får Boston AS konsesjon for opptak av skjelsand fra områda "Nordøyane" og "Utfatet sør" i Bømlo kommune.
2. Det vert ikkje gitt konsesjon på området "Klovning" då vurderinga er at området må vente på planavklaring ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.
3. Årlig opptak av massar frå området Nordøyane er inntil 10.000 m<sup>3</sup>, og frå Utfatet sør inntil 8.000 m<sup>3</sup>.
4. Det er ikkje tillate med opptak av massar frå konsesjonsområda i perioden 15. juli til 15. september av omsyn til ærfugl i mytetida.
5. Ved opptak av skjelsand frå området "Nordøyane" må ein vere spesielt merksam på det automatisk freda kulturminnet ved Hespriholmen aust for konsesjonsområdet, så skjelsandopptak ikkje skjer utanfor konsesjonsområdet eller fører til utrasing.
6. For området Utfatet sør kan det ikkje takast opp skjelsand før det eventuelt ligg føre løyve frå Bergens Sjøfartsmuseum etter at det er gjennomført ei marinarkeologisk undersøking som kravd av museet.
7. For området Utfatet sør kan det heller ikkje takast opp skjelsand før det er gitt løyve til tiltaket etter Hamne- og farvasslova § 27.
8. Konsesjonen gjeld til 20.03.2020.
9. Konsesjonen vert elles gitt på dei vanlege vilkåra for skjelsandkonsesjonar som vil framgå av konsesjonsdokumentet i samsvar med sentralt rundskriv av 1.4.93

Vedlagt følgjer konsesjonsdokument, saksframlegg med resymé av høyringsuttalane, og utskrift av saksprotokoll.

Som vedtaket over viser, er konsesjon på området "Utfatet sør" gitt med dei to atterhalda som er nemnt i punkta nr 6 og 7. Før det kan takast opp skjelsand frå området der må det gjerast ei marinarkeologisk undersøking som kravd av Bergens Sjøfartsmuseum, og det må liggje føre eventuelt løyve frå museet før opptak kan starte. Her er lagt ved fråsegna frå Bergens Sjøfartsmuseum, (jf. punkt 6), som vi også har sendt dykk tidlegare. Før det kan takast opp

skjelsand frå området "Utfatet sør", må det dessutan ligge føre løyve frå Karmsund havnevesen etter havne- og farvasslova § 27, (jf. vedtaket punkt 7). Her er lagt ved fråsegnar frå Kystverket Vest, der det er påpeika at tiltaket krev løyve frå Karmsund havnevesen etter havne- og farvasslova § 27.

Vi viser elles til vurderingar i vedlagde saksframlegg om at omsøkte tiltak må reknast som eit *vesentleg terrenginngrep* etter plan- og bygningslova, jf. pbl § 20-1, 1. ledd bokstav k. Slike tiltak er søknadspliktige og krev løyve frå kommunen, jf. pbl § 20-2. I den samanheng viste vi i høyringsbrevet ved høyringa av søknaden til samordningspraksis ved søknader om skjelsandkonsesjon - der konsesjonssøknad vert sendt til fylkeskommunen, som sender søknaden på høyring til høyringsinstansane, deriblant kommunen.

Klage:

Dette er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova, som kan påklagast til Nærings- og fiskeridepartementet av søkjær og andre med rettsleg klageinteresse innan tre - 3 - veker etter vedtaket har kome fram. Sjå om dette i vedlagde orientering om klagerett. Ei eventuell klage skal framsetjast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningslova § 27 b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klage. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Konsesjonsdokument med oversikts- og detaljkart.
2. Saksframlegg og utskrift av saksprotokoll
3. Høyringsfråsegn frå Bergens Sjøfartsmuseum
4. Høyringsfråsegn frå Kystverket Vest
5. Orientering om klagerett

Eksterne kopimottakarar:

Bømlo kommune	<a href="mailto:postmottak@bomlo.kommune.no">postmottak@bomlo.kommune.no</a>
Fylkesmannen i Hordaland	<a href="mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no">fmhopostmottak@fylkesmannen.no</a>
Fiskeridirektoratet	<a href="mailto:postmottak@fiskeridir.no">postmottak@fiskeridir.no</a>
Kystverket Vest	<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>
Karmsund Interkommunale Havnevesen	<a href="mailto:postmottak@karmsund-havn.no">postmottak@karmsund-havn.no</a>
Bergens Sjøfartsmuseum	<a href="mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no">marinarkeologi@bsj.uib.no</a>